



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Laila Nordheim Alme, 55 57 23 19

Vår dato
31.08.2010
Dykkar dato
19.04.2010

Vår referanse
2010/5608 730
Dykkar referanse
201000615

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

BARNE-, LIKESTILLINGS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET
Arkivkode: 43610
Dato: 020910
Saksnr: 201003011-86

Høyringsfråsegn - NOU 2009:22 Det du gjør, gjør det helt - innstilling frå utval for betre samordning av tenester til utsette barn og unge

Høyringsfråsegna frå Fylkesmannen i Hordaland er utarbeidd på bakgrunn av innspel frå barnevern, utdanning og helse. Vi har kommentarar til følgjande av utvalet sine framlegg:

Koordinatorfunksjonen

Føresegn om individuell plan i opplæringslova og barnehagelova vil gjere at sektorar som ofte gir tenester til barn og unge med samansette behov, får same plikt til å utarbeide og delta i gjennomføringa av individuell plan. Frå før har skuleverket ansvar for individuell opplæringsplan, helsetenesta for behandlingsplan og barnevernet for tiltaksplan. Alle desse planane kan vere aktuelle delplanar i den individuelle planen. Koordinators ansvar og plikter bør presiserast ved revisjon av forskrifta.

Lågterseltilbod

Her viser vi til arbeidet med ny helse- og omsorgslov og meiner at spørsmålet må sjåast i samanheng med dette arbeidet.

Tidleg innsats

Kommunane pliktar å ha tilstrekkelege ressursar i helsestasjonen til å ivareta dei førebyggjande og helsefremjande oppgåvene på ein forsvarleg måte. Vurdering av barns fysiske og psyko-sosiale utvikling er sentralt i dette arbeidet. Gjennom opptrappingsplan for psykisk helse blei kommunane oppmoda om å utvide den sosialpedagogiske kompetansen i helsestasjonen. Barnehagane og helsestasjonen har i tillegg ofte eit strukturert tverrfagleg samarbeid.

Det er Fylkesmannen si oppfatning at problemet med for sein innsats ikkje først og fremst kjem fordi risikoforhold ikkje blir avdekte tidleg, men i større grad fordi verksame tiltak ikkje blir iverksette.

Norsk sykepleierforbund bad i 2005 Helsedirektoratet vurdere eit forsøksprosjekt i Hamar kommune der førskulepersonale i barnehagen gjennomførte lovpålagde helseundersøkingar ved to og fire års alder ved hjelp av sjekkliste. I svarbrevet av 27. mai 2009 slo

Helsedirektoratet fast at lovkravet om forsvarleg verksemd ikkje var innfridd ved bruk av "medhjelpar" i anna verksemd og med annan yrkesbakgrunn.

Koordinering av døgnbasert hjelp

Her tek utgreiinga opp eit sentralt problem. Det er bruk for betre samarbeid mellom det statlege barnevernet og spesialiselshelsetenesta når barn og unge treng tenester frå begge samstundes. Talet på institusjonsplassar i det psykiske helsevernet for barn og unge er svært lågt og i BUF-etat føregår det ei kraftig nedbygging av institusjonsplassar. Det første steget meiner vi må vere at aktuelle instansar på nasjonalt nivå vurderer kva som skal vere innhaldet i eit døgntilbod, kva kompetanse som er nødvendig og kven som skal styre bruken av tilbodet. Om dette skal vere felles institusjonar må og vurderast. Det er vesentleg at dette blir døgntilbod som er i kontinuerleg drift.

Spørsmålet om fylkesnemnda skal kunne gjere vedtak om tvangsbehandling i psykisk helsevern, må utgreiast meir. Her viser vi til dissensen frå Kirsten Djupesland og faren for å svekkje rettstryggleiken for barna.


Teieplikta – utveksling av informasjon som føresetnad for koordinering av tenestetilbod

Oppfølging av tiltak krev eit tett samarbeid mellom t.d, barneverntenesta, skulen og skulehelsetenesta. Her er det mellom anna viktig å sjå på praksis for å innhente samtykke og på om § 6-7a i barnevernlova om barnevernet si tilbakemelding til meldar fungerer.

Tilvisingsrett

Uansett kven som tilviser til det psykiske helsevernet for barn og unge bør det i tilvisinga liggje føre ei somatisk legeundersøking med ei medisinsk-fagleg grunngjeving for tilvisinga. Ein slik praksis vil medverke til eit betre utgreiingsgrunnlag for det psykiske helsevernet, som ofte har svært lite medisinskfagleg kompetanse tilgjengeleg. Fastlegen vil og på denne måten betre kunne ivareta ansvaret for oppfølging av pasienten.

Med helsing


Helga Arianson e.f.
fylkeslege


Daila Nordheim Alme
fylkessjukepleiar